



Landbruksvarehandel
USA:

Handelsstraumar og
handelsavtaler

Torbjørn Tufte

Forfatter	Torbjørn Tufte
Tittel	Landbruksvarehandel USA: Handelsstraumar og handelsavtaler
Utgiver	AgriAnalyse
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2016
Antall sider	35
ISSN	1894-1192, Internett: ISSN 1894-1899
Emneord	TTP, TTIP, WTO, EU, USA, marknadstilgang, landbruksvarer, handel, landbruksvarehandel, toll, tollvern, import, eksport, landbrukspolitikk
Forsidebilde	Wikimedia Commons, Varieties of soybeans, USDA

Litt om AgriAnalyse

AgriAnalyse er en faglig premissleverandør og et kompetent utredningsmiljø i spørsmål knyttet til landbruk og politikk. AgriAnalyse arbeider med nasjonale, internasjonale og organisasjonsinterne problemstillinger innenfor våre prioriterte satsingsområder. Ansatte i AgriAnalyse har tverrfaglig bakgrunn med kompetanse fra flere ulike samfunnsvitenskapelige og landbruksfaglige tradisjoner. Se www.agrianalyse.no for mer informasjon.

Forord

Denne rapporten beskriver kort handelsavtaler USA har, med et spesielt blikk på den nylig signerte, men ikke ratifiserte TPP-avtalen. Videre blir handelsstrømmene til USA på det globale nivået beskrevet, med vekt på viktige markeder og aktører for handelen til USA på landbruksvarer. Avslutningsvis blir samhandelen på landbruksvarer mellom USA og Norge gjennomgått.

Rapporten er utarbeidet for Landbrukets internasjonale utvalg.

Oslo, april 2016

Christian Anton Smedshaug

Daglig leder

Innhold

SAMANDRAG	1
1 INNLEIING	4
2 USA OG HANDELSAVTALER.....	5
2.1 FRIHANDELSAVTALER.....	5
2.2 STORFEKJØTT, JAPAN OG TPP	7
2.3 LANDBRUK, USA OG TPP	8
3 USA SOM GLOBAL HANDELSAKTØR	12
3.1 DEI VIKTIGASTE HANDELSPARTNARANE TIL USA.....	14
3.2 DEI STØRSTE VAREGRUPPENE I HANDELEN TIL USA.....	16
3.3 STØRSTE VAREGRUPPER OG DESTINASJON I LANDBRUKSVAREHANDELEN TIL USA.....	20
4 NORSK SAMHANDEL MED USA	23
4.1 NORSK IMPORT AV LANDBRUKSVARER FRÅ USA	26
4.2 NORSK EKSPORT AV LANDBRUKSVARER TIL USA.....	27
LITTERATUR	29

Samandrag

USA er saman med EU dominerande i verdshandelen med landbruksvarer. Desse to aktørane skiftar på å vere verdas største handelsaktør, målt i verdi. Dei er, kvar for seg, nær dobbel så store som Kina, verdas tredje største aktør i internasjonal landbruksvarehandel.

Handelregimet til USA er i hovudsak tufta på marknadstilgangen som er sikra gjennom bestevilkårsregelen i WTO. Det vil seie at USA i samhandelen med andre land har høvesvis få bilaterale og regionale frihandelsavtaler. Dermed er det bestevilkårsregelen i WTO som legg premissa for marknadstilgangen til USA både for import og eksport. USA nyttar generelt tollsatsane dei har bunde som maksimaltoll i WTO-avtala mot tredjeland. Det gjeld både for industri- og landbruksvarer.

EU har 38 bilaterale og regionale frihandelsavtaler i kraft i 2014, som dekkjer godt over 50 land. I tillegg kjem EU og EFTA-landa gjennom EØS-avtala. Noreg har som EFTA-medlem 27 avtaler i kraft og åtte som det vert forhandla om, og fleire dekkjer mange land (berre EØS gjeld 30 land).

USA har langt færre frihandelsavtaler i kraft enn EU. USA har 14 frihandelsavtaler i kraft, og desse omfattar 20 land. USA har avtaler med Australia, Bahrain, Canada, Chile, Colombia, Costa Rica, Den dominikanske republikk, El Salvador, Guatemala, Honduras, Israel, Jordan, Sør-Korea, Mexico, Marokko, Nicaragua, Oman, Panama, Peru og Singapore.

Den største og mest omfattande avtala til USA er NAFTA (The North American Free Trade Agreement), med Mexico og Canada. Den nyleg ferdigforhandla TPP-avtala (Trans-Pacific Partnership) gjeld 12 land, samt USA, dersom den vert ratifisert og trer i kraft. Landa som har forhandla fram TPP, er Australia, Canada, Japan, Malaysia, Mexico, Peru, United States, Vietnam, Chile, Brunei, Singapore og New Zealand.

Det vil seie at dersom TPP trer i kraft, er seks av TPP-partnarane land USA i dag har frihandelsavtale med, og TPP vil erstatte desse frihandelsavtalene som hovudavtale. Dermed vil ei eventuell ratifisering av TPP tyde at USA får frihandelsavtale med 26 land mot dagens 20.

Det at USA har signert TPP-avtala og er i forhandlingar om TTIP (The Transatlantic Trade and Investment Partnership) kan tyde på at det er eit skifte i handelspolitikken til USA på to område. For det første, at USA etter kvart er byrja å prioritere opp avtaler regionalt og bilateralt. Slik som til dømes EFTA og EU har gjort over lang tid. Det kan bety at USA dreier den beståande politikken i retning mot større vekt på frihandelsavtaler og mindre vekt på WTO.

For det andre er både TPP og TTIP svært omfattande og vidtrekkande avtaler. Omfattande både på saksfelt, harmonisering og reguleringar, og ikkje minst talet på deltakarar. Det vil seie at dersom det er ein trend at USA i sterkare grad enn tidlegare vel å satse på frihandelsavtaler, så er det store frihandelsavtaler dei prioriterer. Med andre ord at dei vel få, men omfattande avtaler som supplement til WTO-avtala i sitt handelsregime.

Grovt sett er handelsmønstret i landbruksvarehandelen til USA at eksportsida er retta mot Nord-Amerika og Asia, medan importen har eit stort innslag frå Nord-Amerika og Europa.

USA eksporterte landbruksvarer for 150 milliardar dollar i 2014. Av dette var eksportverdien til dei ti største eksportmarknadane 112 milliardar dollar, som utgjorde 75 prosent. Det er land frå Nord-Amerika, Asia og Europa som er representert på topp ti-lista som eksportmarknadar til USA, men likevel er det Asia som står fram som særskild viktig, då det er sju land frå Asia blant dei ti største eksportmarknadane til USA. Kina er den største enkeltmarknaden for avsetjinga av landbruksvarer frå USA. Kina importerte landbruksvarer for 24,5 milliardar dollar frå USA. Kina som nøkkemarknad vert ytterlegare understrekt ved at vekstrata i eksporten til USA har auka sterkt siste ti åra.

USA er ein av verdas største eksportørar både innanfor planteproduksjonar, som soya, kveite og mais, og innanfor husdyrproduksjonar som kjøt og meieri. USAD anslår at kring 20 prosent av inntektene til landbruket i USA vert generert frå eksportinntekter. Generelt er det planteproduksjonane som utgjør dei største eksportvarene til USA. Soyabønner er det desidert største eksportproduktet til USA, målt i verdi. I 2014 eksporterte USA soyabønner for 24,2 milliardar USD. Mais er den nest største eksportvara med 10,6 milliardar, deretter kjem kveite med 7,7 milliardar. USA er òg verdas største produsent av soya, etterfølgt av Brasil og Argentina. Desse tre landa er totalt dominerande i produksjonsvolum globalt. Det globale produksjonsvolumet er årleg kring 300 millionar tonn soya. Av dette er det årlege produksjonsvolumet til USA og Brasil over 100 millionar tonn kvar, medan Argentina, som tredje største, produserer kring 60 millionar tonn.

Som enkeltland er USA òg verdas største eksportør av kjøt målt i tonnasje, og dei er òg ein av dei leiande eksportørane i verda på meieriprodukt, etter EU og New Zealand, med ein eksportverdi på 7,1 milliardar USD.

Når det gjeld norsk samhandel med USA på landbruksvarer, utgjorde importen til Noreg frå USA ein høvesvis liten del av den norske importen, med 1,9 milliardar kroner, som er om lag tre prosent av den totale landbruksvareimporten. For norsk eksportert av landbruksvarer er USA ein viktig marknad. I 2015 eksporterte Noreg landbruksvarer for 1,1 milliardar kroner til USA. Det utgjorde om lag 12 prosent av den samla norske landbruksvareeksporten.

Det er ost som er den store enkeltvara i norsk eksport til USA, der norsk osteeksport til USA utgjorde 351 millionar kroner i 2015. På norsk eksport av ost til USA, har det dei siste åra vore ei utvikling der volumet har gått ned, men verdien har auka. Dette er særskilt tydeleg siste fem år. Til dømes vart det eksportert 7 129 tonn ost til USA for ein verdi av 254 millionar kroner i 2010, medan i 2015 var volumet redusert til 6 182 tonn, men verdien var auka til 351 millionar kroner.

1 Innleiing

USA er saman med Den europeiske union den desidert største aktøren i internasjonal handel med landbruksvarer. Desse to aktørane dominerer verdshandelen med landbruksvarer. Sjølv om dei både har høg importverdi og eksportverdi, er dei baa store nettoeksportørar med solid positiv handelsbalanse. Eksportverdien til kvar av USA og EU svarar til den samla landbruksvarehandelen til den tredje største aktøren, Kina, i den globale landbruksvarehandelen.

Rapporten søkjer å gi eit oversyn over USA som handelsaktør i verda på landbruksvarer. Ein kort presentasjon av handelsregimet til USA vert gitt. Handelregimet til USA er i hovudsak tufta på marknadstilgangen som er sikra gjennom bestevilkårsregelen i WTO. Det er likevel tendensar til at USA har byrja å vektleggje bilaterale og regionale frihandelsavtaler sterkare dei seinare åra. USA er i ein prosess for å etablere omfattande avtaler både i Stillehavsregionen gjennom den framforhandla TPP-avtala (Trans-Pacific Partnership) og over Atlanterhavet gjennom dei pågåande forhandlingane med EU om TTIP-avtala (The Transatlantic Trade and Investment Partnership). Frihandelsavtalene til USA vert kort presenterte, med særskilt vekt på, den signerte men ikkje ratifiserte, TPP-avtala.

Det vert gitt eit oversyn over USA som global aktør i landbruksvarehandelen. Dei største marknadane for eksporten til USA av landbruksvarer vert greidde ut om, og tilsvarande på opphavsland for importen til USA på landbruksvarer. Vidare vert dei største eksportprodukta til USA presenterte.

Avslutningsvis vert samhandelen på landbruksvarer mellom USA og Noreg gjennomgått. USA er ein av hovudmarknadane til Noreg på eksport av ost. Sjølv om USA og EU er dei dominerande aktør i landbruksvarehandelen i verda, er importen til Noreg frå USA høvesvis liten samanlikna med importen frå EU, som er den dominerande eksportøren av landbruksvarer til Noreg.

2 USA og handelsavtaler

USA er ein av verdas største produsentar av landbruksvarer. Det er produksjon av alle basis landbruksvarer, og USA har blant verdas største produksjonsvolum både innanfor planteproduksjon og husdyrproduksjon.

Planteproduksjonar som soya, mais, kveite og bomull vert avsett i store volum nasjonalt, men er også mellom dei største eksportprodukta til landbruket i USA. USA har òg ein stor produksjon og eksport innanfor dei fleste kjøtslag som storfe, kylling og gris. Til dømes, i 2014, var den samla kjøtproduksjonen til USA 42,2 millionar tonn, kornproduksjonen (korn, ris mais) til USA er på 439,6 millionar tonn, og på oljefrø, som soya og raps, produserte USA 116,9 millionar tonn (FAO (2015) Food Outlook).

I sitt handelsregime nyttar USA i hovudsak den marknadstilgangen som er forhandla fram gjennom avtalene i WTO. Det vil seie at USA i samhandelen med andre land har høvesvis få bilaterale og regionale frihandelsavtaler. Dermed er det bestevilkårsregelen¹ i WTO som legg premisa for marknadstilgangen til USA både for import og eksport.

USA nyttar generelt tollsatsane dei har bunde som maksimaltoll i WTO-avtala mot tredjeland. Det gjeld både på industrivarer og landbruksvarer. Ut frå enkelt gjennomsnitt er dei bundne tollsatsane til USA i WTO på landbruksvarer bunde på 4,7 prosent, som òg er nivået dei handhevar (Tufte, 2015). Generelt nyttar USA tollsatsar innanfor alle varegrupper, og det er eit gjennomgåande trekk i handelsregimet til USA mot tredjeland at USA nyttar tollsatsar som ligg på, eller svært nær, maksimaltollsatsen dei har tilgang til gjennom WTO-avtala. Dette er maksimumstollsatsar som medlemsstatane i WTO har notifisert i bindingslister for kvar enkelt varelinje (Tufte, 2015).

2.1 Frihandelsavtaler

Samla sett har USA samanlikna med EU og EFTA i sterkare grad bygd sitt handelsregime utifrå den marknadstilgang det multilateralt avtaleverk i WTO sikrar. Det vil seie at USA i mindre grad har etablert bilaterale og regionale frihandelsavtaler, der land gir kvarandre eksklusive handelspreferansar, enn det europeiske land har gjort. Frihandelsavtaler gir avtalepartane gjensidig og eksklusive preferansar i handel. Ein gir kvarandre betre

¹ Nærings- og fiskeridepartementet definerer bestevilkårsregelen slik: «Most-favoured nation (MFN): Bestevilkårsprinsippet er et ikke-diskrimineringsprinsipp som brukes både innenfor WTO og i andre avtaler mellom land. Kjernen i prinsippet er at et produkt fra et land ikke skal behandles dårligere enn et tilsvarende produkt som er fremstilt i et annet land. Alle WTO-medlemmer skal nyte godt av den samme behandlingen. Dersom man gir en fordel til et land, skal dette pr. definisjon gjelde alle andre land. WTO-avtalen inneholder flere muligheter for unntak fra MFN, bl.a. ved inngåelse av regionale og bilaterale handelsavtaler og ved preferanseordninger for u-land.»

marknadstilgang gjensidig, enn den marknadstilgangen bestevilkårsregelen i det multilaterale avtaleverket til WTO gir i handelen.

Til dømes har EU 38 bilaterale og regionale frihandelsavtaler i kraft i 2014, som dekkjer godt over 50 land, og i tillegg kjem EU og EFTA-landa. EU driv forhandlingar kring ytterlegare 12 avtaler.² USA har langt færre frihandelsavtaler i kraft enn EU. USA har 14 frihandelsavtaler i kraft, og desse omfattar 20 land. USA har berre ei under forhandlingar, som er TTIP (The Transatlantic Trade and Investment Partnership). Noreg har som EFTA-medlem 27 avtaler i kraft og åtte som det vert forhandla om, og fleire dekkjer mange land (berre EØS gjeld 30 land). USA og partnerane har nyleg avslutta tingingane kring TPP (Trans-Pacific Partnership). Sjølv om avtala er ferdigforhandla, er den ikkje ratifisert. TPP skal no handsamast politisk i deltakarlanda, der det vert avgjort om den eventuelt vil verte godkjent og sett i kraft.

USA har avtaler med Australia, Bahrain, Canada, Chile, Colombia, Costa Rica, Den dominikanske republikk, El Salvador, Guatemala, Honduras, Israel, Jordan, Sør-Korea, Mexico, Marokko, Nicaragua, Oman, Panama, Peru og Singapore.

Frihandelsavtalene til USA er i all hovudsak geografisk relatert til det amerikanske kontinentet. Den største og mest omfattande avtala til USA er NAFTA (The North American Free Trade Agreement), med Mexico og Canada. TPP-avtala er mellom 12 land, samt USA, dersom den vert ratifisert og trer i kraft. Landa som har forhandla fram TPP, er Australia, Canada, Japan, Malaysia, Mexico, Peru, United States, Vietnam, Chile, Brunei, Singapore og New Zealand.

Det vil seie at dersom TPP trer i kraft er seks av TPP-partnarane land USA i dag har frihandelsavtale med, og TPP vil erstatte desse frihandelsavtalene som hovudavtale. Dermed vil ei eventuell ratifisering av TPP tyde at USA får frihandelsavtale med 26 land mot dagens 20.

Det at USA har signert TPP-avtala og er i forhandlingar om TTIP kan tyde på at det er eit skifte i handelspolitikken til USA på to områder. For det første kan det tyde på at USA etter kvart er byrja å prioritere opp avtaler regionalt og bilateralt sterkare, slik som til dømes EFTA og EU har gjort over lang tid. Ei slik dreining av handelspolitikken vil òg seie at USA svekkjer den noverande politikken der deira internasjonale handelsrelasjonane stort sett har vore tufta på WTO-vilkåra.

Eit slikt skifte må sjåast i samanheng med at i tida etter etableringa av WTO i 1995 har både omfanget av saksfelt handelsavtaler omfattar og ikkje minst talet på frihandelsavtaler vakse sterkt. Ifølgje WTO er det over 500 notifiserte frihandelsavtaler på varer og tenester, og over 300 av desse er i kraft. Dermed er bestevilkårsregelen i WTO rett og slett ikkje så bra lenger. Med det opplever USA at mange land inngår FTA, som gjer at konkurrentar får betre marknadstilgang enn det USA får gjennom WTO.

For det andre er både TPP og TTIP dømer på at det er svært omfattande og vidtrekkande avtaler USA prioriterer. Omfattande både på saksfelt, reguleringar, og ikkje minst med tanke på talet av deltakarar. Det vil seie at dersom det er ein trend at USA i sterkare grad enn

² WTOs database for regionale frihandelsavtaler (RTA).

tidlegare vel å satse på frihandelsavtaler, så er det store frihandelsavtaler dei sterkast satsar på. Det kan vere eit utslag på at dei satsar på få, men omfattande avtaler som supplement til WTO-avtala i sitt handelsregime.

2.2 Storfekjøtt, Japan og TPP

Japan er ein av verdas største matvareimportørar, og ein av hovudmarknadane for landbruksvareeksporten til USA. Ifølgje USAD er Japan verdas tredje største importør av storfekjøtt, med ein importverdi på 3,5 milliardar USD i 2014. Det er USA og Australia som leverer det meste av storfekjøtet til Japan, og desse to står bak kring 90 prosent av storfekjøtimporten til Japan, både målt i verdi og kvantum.

I 2014 signerte Japan og Australia avtale om økonomisk partnerskap (JEAP), som vart implementert i 2015, medan USA og Japan ikkje har noka tilsvarande avtale. Gjennom avtala har Japan og Australia vorte samde om at tollsatsane på import av storfekjøtt frå Australia til Japan skal gradvis reduserast gjennom ein 15-årsperiode. Dermed vil Australia etter kvart få betre marknadstilgang til den japanske marknaden enn USA på storfekjøtt (Muhammad m.fl., 2016). USAD legg til grunn at dette over tid vil svekkje konkurransekrafta til USA vesentleg framover i den japanske marknaden, dersom ikkje USA får reduksjon i tollsatsane på sin eksport av storfekjøtt til Japan. Utrekningar frå Economic Research Service/USAD estimerer at dei reduserte tollsatsane til Australia kan bety at Australia får ein auke i handelen på kring 100 millionar USAD, medan USA vil få eit potensielt tap i handelen på tilsvarande beløp. Medan ein reknar med at dersom USA får tilsvarande marknadstilgang som Australia får gjennom JAEPA, vil det bety ein netto vekst på 130 millionar USD for storfekjøtteksporten til USA til Japan. Noko som ei eventuell TPP-avtale vil sikre, for då vil USA og Australia få lik marknadstilgang til den japanske storfekjøttmarknaden.

Dømet på Japan og storfekjøtt illustrerer ei gjennomgåande utfordring i handelsregimet til USA som offensiv eksportaktør på landbruksvarer. Fordi USA i hovudsak har bygd handelsrelasjonane kring marknadstilgang med omverda ut frå bestevilkårsregelen i WTO, og i mindre grad på bilaterale og regionale handelsavtaler en til dømes EFTA og EU, opplever USA at konkurrerende land i eksportmarknaden får betre marknadstilgang gjennom eksklusive preferansar forhandla fram i bilaterale/regionale frihandelsavtaler, som avtala mellom Australia og Japan.

2.3 Landbruk, USA og TPP

Sidan 2012 er ingen nye frihandelsavtaler trådte i kraft for USA. I 2012 trådte frihandelsavtaler med Columbia, Panama og Sør-Korea i kraft. Men hausten 2015 vart TPP-avtala signert og skal ut til ratifisering mellom signaturstatane.

Sjølv om TPP ikkje er trådd i kraft, kan den likevel vere eit signal på eit skifte i handelspolitikken til USA, mot sterkare prioritering mot bilaterale og regionale frihandelsavtaler enn tidlegare, då USA i hovudsak har nytta den marknadstilgangen WTO-avtalene sikrar. Det at USA og EU også er i forhandlingar om TTIP styrker dette biletet.

Dersom TPP og TTIP vert realisert, vil det seie at i tillegg til å knyte NAFTA og dei asiatiske signaturstatane saman i TPP, vil også TTIP verte den første frihandelavtala USA inngår med Europa. I tillegg er USA i eller planlegg forhandlingar om handelsavtaler med Midtausten og fleire afrikanske og asiatiske land.

Både TPP og TTIP omhandlar langt fleire og meir komplekse saksfelt enn tradisjonelle frihandelsavtaler som er rimeleg avgrensa til klassisk varehandel og marknadstilgang. Saksfelt som intellektuelle opphavsrettar, standardardar kring plante- og dyrevelferd, miljø- og arbeidslivsstandardar og offentleg innkjøp, er også ein del av avtaleverket.

Landbruket til USA er avhengig av eksportmarknadane, då produksjonen er langt større enn det avsettinga er i eigen heimemarknad. USAD anslår at kring 20 prosent av inntektene til landbruket i USA vert generert frå eksportinntekter.

USA har generelt offensive eksportinteresser, og det gjeld også på landbruksvarer. Generelt er bruk av toll på landbruksvarer meir utbreidd, og nivået på tollsatsar i verda er ofte høgare enn på andre varer. Det at TPP skal gi USA betre marknadstilgang til attraktive og veksende marknader er også hovudargumentet Office of the United States Trade Representative (USTR) nyttar i innsalet av TPP. Det er eksportmoglegheitene og ekspansjon i eksportinntektene til USA som er målet, der USTR skriv i introduksjonane og virkeområdet til TPP:

The Trans-Pacific Partnership (TPP) levels the playing field for American workers and American businesses, leading to more Made-in-America exports and more higher-paying American jobs here at home. By cutting over 18,000 taxes various countries put on Made-in-America products, TPP makes sure our farmers, ranchers, manufacturers and small businesses can compete — and win — in some of the fastest growing markets in the world. With more than 95 percent of the world's consumers living outside our borders, TPP will significantly expand the export of Made-in-America goods and services and support American jobs (USTR Fact sheets: Benefits for U.S. Agriculture).

TPP vil, ifølgje USTR, eliminere toll på majoriteten av eksporten til USA av mat og landbruksvarer. Der tollsatsar ikkje vil verte fjerna, er det forhandla fram tollreduksjonar og kvotar. Det er ikkje tilgang til å nytte eksportsubsidiar i samhandelen for avtalepartane. Det er også innført forbod mot å nytte eksportrestriksjonar på mat- og landbruksvarer, for å verne heimemarknaden mot store endringar i verdsmarknaden som prisfall eller prisauke. Vidare er det innarbeidd reguleringar for dyre- og plantehelse, samt mattryggleik.

Når det gjeld fjerning og reduksjonar av tollsatsar, er det lagt til rette for at dette skal skje gradvis på ei rekkje produkt, og det er stor variasjon i tidsperiodane land har tilgang til å nytte, frå at reduksjonane skal gjennomførast straks avtala trår i kraft til innfasingsperiodar på 30 år. Tida tollkutta skal gjennomførast på, varierer både frå land til land og frå produkt til produkt.

På ei rekkje av landbruksprodukta har land opp til 15–30 år på å gjennomføre reduksjonane. Til dømes på meieriprodukt har USA forplikta seg til å fjerne tollsatsane sine innan 20 år, medan for skummamjølkpulver skal USA fjerne tollsatsen mot New Zealand i løpet av 20–30 år. Medan til dømes Vietnam på si side skal fjerne sine tollsatsar på nær alle meieriprodukt frå USA innan fem år .

I presentasjon av TPP-avtala legg USA vekt på at det er i deira strategiske interesse å etablere avtala. Mellom anna vert det poengtert at TPP vil styrke økonomien i USA, innflytelsen til USA over andre land, og at den globale økonomien skal utviklast og reflekterer interessene til USA generelt (USTR Fact sheet: The Strategic Importance of TPP).

Strategic Importance of TPP

The rules of the road are up for grabs in Asia, home to some of the fastest growing markets in the world. If we don't pass this agreement and write those rules, our competitors will set weak rules of the road, threatening American jobs and workers and undermining U.S. leadership in Asia.

TPP strengthens the U.S. economy, which is the foundation of U.S. national security and a critical source of our influence abroad. TPP helps ensure that the global economy reflects our interests and values by requiring other countries to play by fair wage, safe workplace, and strong environmental rules that we help set (USTR Fact sheet: The Strategic Importance of TPP).

Sist, men ikkje minst, vises det til at Asia, og med det fleire TPP-statar, er blant dei marknadane med størst og raskast økonomisk vekst. Dette kombinert med at TPP-regionen utgjør ein av dei største eksportmarknadane for USA på ei rekkje sentrale landbruksvarer tilseier at USA har sterke offensiv eksportinteresser dei ynskjer å sikre gjennom å få betre marknadstilgang på landbruksvaremarknadane.

Eit bilete på kor viktig TPP-regionen er i USAs landbruksvareeksport får ein ved å sjå på samla eksportverdi og del av dette som vert avsett innan TPP-marknaden på utvalde varer (Tabell 3.1).

Tabell 2.1 Samla eksportverdi USA etter vareslag, og del av total som vert eksportert til TPP-landa i 2014 (USAD)³

Varegruppe	USA eksportverdi verda i millionar USD	Del til TPP-land i %
Bygg og byggprodukt	104	79
Storfekjøt og storfeprodukt	7100	55
Sitrusfrukter og jus	2100	57
Mais og maisprodukt	14000	50
Bomull	4400	23
Meieriprodukt	7100	51
Frukt fersk og tilverka (x sitrus)*	5700	61
Peanøtter og peanøttprodukt	700	43
Svinekjøt og svinekjøtprodukt	6600	71
Poteter og potetprodukt	1200	58
Kyllingkjøt og kyllingprodukt	6100	42
Ris	1900	42
Soyabønner og soyabønneprodukt	30100	18
Sukker og sukkerprodukt	1600	69
Grønsaker fersk og tilverka (x potet)*	7000	71


Det er gjennomgåande i presentasjonen av TPP frå Office of the United States Trade Representative at det vert sett på at eksportpotensialet er stort, medan eventuell auka import ikkje er vektlagt.

Dette må sjåast i samband med at USA er ein av verdas leiande eksportørar på landbruksvarer, og dei har allereie frihandelsavtaler med Canada, Mexico og Australia, som har ein del eksportinteresser på landbruksvarer. Dermed er det berre New Zealand som har sterke eksportinteresser på landbruksvarer som kjem inn som ny aktør, og TPP er truleg ein liten trussel mot heimemarknaden til USA. Dette kombinert med at store importmarknadar på landbruksvarer, og då først og fremst Japan, kjem inn, gjer at USA truleg ser eit stort potensial for å auke landbrukseksporten ved at TPP gir dei betre marknadstilgang, samstundes som TPP vil ha liten påverknad på importen og konkurransesituasjonen for bønder og matindustri i USA.

³ <https://ustr.gov/sites/default/files/TPP-Detailed-Benefits-for-US-Agriculture-by-Sector.pdf>

* = Mogleg feil i total eller del i kjeldemateriale for desse stemmer ikkje overeins.

Figur 2.1 *Handelsbalansen til Japan på landbruksvarer i millionar euro 2004–2013 (European Commission, Agriculture and Rural Development).*



Det at USA reknar Japan som kjernemarknaden for auka eksport av landbruksvarer gjennom ei eventuell TPP-avtale, er tydeleg i den generelle presentasjonen av føremonner USTR meiner landbrukseksporten til USA vil få gjennom avtala (USTR Fact sheet: Trans-Pacific Partnership: Overall U.S. Benefits).

Her vert den betra marknadstilgangen TPP vil gi presentert på varegruppene kylling, storfekjøtt, svinekjøtt, meierivarer, vin og bourbon og soyabønner, og det er Japan som vert nytta som døme på alle med unntak av kylling der det er tollreduksjonen til Vietnam som vert presentert.

USTR viser til at dersom avtala trer i kraft, vil over 50 prosent av landbrukseksporten til USA rekna i verdi verte tollfri. Mellom anna på storfekjøtt vil Japan redusere tollsatsen på stykningsdelar av storfe frå 38,5 prosent til 9 prosent. 74 prosent av tollinene til Japan på storfekjøtt og storfeprodukt skal verte tollfrie i løpet av 15 år. Tilsvarande for svinekjøtt skal Japan kutte 80 prosent av tollinene i løpet av 11 år. Ein tredel av svinekjøtteksporten til USA går til Japan og er den største enkeltmarknaden for svinekjøtteksporten. Tollen Japan nyttar på ost frå USA er i dag 40 prosent, og tollen på ost vil Japan avvikle. Japan er den sjetteste marknaden til USA på ost. Tollsatsane til Japan på vin og bourbon skal reduserast frå 58 prosent til null, og det vil vere omfattande kutt i toll på soyabønner, og spesielt framhevar USTR at for fyrste gong er soyaolje inne i ei handelsavtale Japan har signert. På soyaolje skal tollen til Japan på 21 prosent fasast ut innan seks år, medan tollsatsen på 4,2 prosent for soyamjøl vil verte oppheva i det avtala trår i kraft.

3 USA som global handelsaktør

Det meste av landbruksvarer vert omsett nasjonalt. Det er mange årsakar til dette, som marknadsnærleik, at mange landbruksvarer er ferskvarer, mange land prioriterer produksjon retta mot eigen folkesetnad, mattryggleik med meir.

Det er likevel ein utstrakt handel sjølv om den i del av totalproduksjon kan verke liten. Eit grovt overslag tilseier at kring ti prosent av landbruksvarene vert handla internasjonalt, og delen landbruksvarehandelen utgjør samla av varehandelen globalt, var i 2014 9,5 prosent (World Trade Organization, International Trade Statistics 2015). I den globale verdshandelen er USA saman med EU den dominerande aktøren i verdshandelen på landbruksvarer (figur 3.1).

Ei samanstilling av produksjonsvolum og del som vert handla internasjonalt frå Landbruksdirektoratet (2015), viser at korn er den store handelsvara. Den globale produksjonen av kveite, mais og ris er rekna ut til 2470 millionar tonn, og samla vert 14 prosent av dette handla med internasjonalt⁴. Fordelt på kornslag vert 21 prosent av kveiteproduksjonen omsett internasjonalt, 13 prosent av mais og ni prosent av ris. Den samla mjølkeproduksjonen er kring 774 millionar tonn, og kring ni prosent av volumet er internasjonal handelsvare. For kjøt er produksjonsvolumet 319 millionar tonn totalt for storfe, fjørfe, svin og lam, og kring ti prosent av volumet er handelsvare internasjonalt.

Svin og fjørfe har klart størst produksjonsvolum med høvesvis 119 og 112 millionar tonn, men medan 11 prosent av fjørfeproduksjonen vert handla med internasjonalt, er berre seks prosent av svinproduksjon internasjonal handelsvare.


Storfeproduksjonen er 68 millionar tonn, men her er delen som vert handla med størst, med 14 prosent.

Lam har samanlikna med dei andre kjøtslaga eit lågt produksjonsvolum med 14 millionar tonn, og seks prosent kryssar landegrensar.

For typiske ferskvarer som frukt, grønt, bær og grønsaker er delen av handel lågare og ligg på én–tre prosent av produksjonsvoluma (Landbruksdirektoratet, Omverdenrapport 2015).

⁴ EU vert i internasjonal handel rekna som éin marknad, då det er ein tollunion. Det vil seie at intra-EU-handel er rekna som nasjonal tilsvarande USAs handel mellom delstatar.

Figur 3.1 Verdas tre største handelsaktørar på landbruksvarer i 2013, etter verdi (Basert på European Commission, MAP 2014-1.)



Som dominerande handelsaktør i verda saman med EU, er likevel hovudbiletet at det meste av jordbruksproduksjonen i USA vert omset nasjonalt. Ei utrekning bygd på produksjonsvolum estimerer at av den samla jordbruksproduksjonen i USA vert 80 prosent omset nasjonalt, medan 20 prosent vert eksportert. Siste tilgjengelege år er 2009, men delen har vore stabil sidan 1990 (USAD).

I tilsvarende utrekning for importdel, er det i staden for del av produksjon rekna del import av matforbruket, og her er importen estimert til kring 17 prosent av jordbruket totalt, men her er fisk og skaldyr med i utrekninga, og dette er varegruppa saman med tropisk frukt som har klart størst importdel med høvesvis 97 og 85 prosent. Etter desse er det import av sukkervarer som utgjer størst del av matforbruket med 22 prosent.⁵

Utrekna på del av importen utgjer i verdi av forbruket og eksportverdi av produksjonen er biletet mykje likt utrekninga på volum, der importverdien av forbruket er estimert til 17 prosent og eksportverdi av produksjonen til 18 prosent (USAD).

⁵ Utrekningmetodar for volummodell, eksport: Internettadresse: <http://www.ers.usda.gov/topics/international-markets-trade/us-agricultural-trade/export-share-of-production.aspx>


Utrekningmetodar for volummodell, import: Internettadresse: <http://www.ers.usda.gov/topics/international-markets-trade/us-agricultural-trade/import-share-of-consumption.aspx#import>

3.1 Dei viktigaste handelspartnerane til USA

USA eksporterte landbruksvarer for 150 milliardar dollar i 2014. Av dette var eksportverdien til dei ti største eksportmarknadane 112 milliardar dollar, som utgjorde 75 prosent. Det er land frå Nord-Amerika, Asia og Europa som er representert på topp ti-lista som eksportmarknadar til USA (figur 3.2).

Grovt sett er biletet at landbruksvarehandelen til USA er på eksportsida retta mot Nord-Amerika og Asia, medan importen har eit stort innslag frå Nord-Amerika og Europa.

Figur 3.2 *Ti største eksportdestinasjonar for landbruksvarer frå USA. Ranging i parentes, (USAD)*




Innanfor dei ti største marknadane (figur 3.2) var eksportverdien til USA til dei asiatiske marknadane omlag 58 milliardar dollar, og av dette var importen til Kina frå USA 24,5 milliardar dollar aleine. Kina som nøkkemarknad vert ytterlege understrekt ved at vekstraten i eksporten til USA har auka sterkt siste ti åra. Sidan 2005 har den årlege veksten i eksportverdien på landbruksvarer til Kina auka i gjennomsnitt med 19 prosent årleg i perioden 2005–2014 ifølgje USAD. Og i frå 2008 til 2014 vart den dobla.

Avtalepartnarane i NAFTA, Canada og Mexico, importerte for 41 milliardar dollar frå USA fordelt med 22 milliardar på Canada og 19 på Mexico. EU er også ein stor marknad for USA, og dei eksporterte for 13 milliardar dollar til EU (USAD).

Figur 3.3 Eksportutvikling til USA for åra 2000–2014 i fordelt på største marknader og resten av verda (USAD)

Top five markets for U.S. agricultural exports, 2000-14



Source: USDA, Economic Research Service using data from U.S. Department of Commerce, U.S. Census Bureau, Foreign Trade Database.

Om lag 40 prosent av den samla eksportverdien til USA på landbruksvarer vert generert frå dei fem største marknadane deira (figur 3.3). Likevel er det samla sett slik at det er Asia-marknadane, forutan NAFTA, som er det primære nedslagsfeltet for landbrukseksporten til USA.

Biletet av at Asia utgjer tyngdepunktet for eksporten vert forsterka dersom ein ser på handelsstraumane på landbruksvarer mellom regionar. Forutan internhandelen på landbruksvarer i Nord-Amerika innanfor NAFTA som utgjorde i 2014 108 milliardar USD, er det Asia som er den store marknaden for landbruket i Nord-Amerika.


Dersom ein ser på eksporten ut av regionen til andre verdsdelar/regionar utgjorde eksporten av landbruksvarer til Asia 105 milliardar USD, som er ein eksportverdi fire gonger større enn nest største marknad, som er Europa med 27 milliardar USD. Sør- og Sentral-

Amerika importerte landbruksvarer for 21 milliardar USD frå Nord-Amerika, medan Afrika og Midtausten importerte for åtte og seks milliardar USD.

Import

Importen til USA er noko meir spreidd på verdsdelar enn det ein ser på dei ti største eksportlanda (figur 3.4). Den samla importen av landbruksvarer i 2014 var på knappe 112 milliardar dollar, og omlag 85 milliardar kom frå dei ti største (71 prosent). Både Sør-Amerika og Oceania er her representert.

Figur 3.4 *Ti største opphavsdestinasjonar for import av landbruksvarer til USA. Rangering i parentes, (USAD)*



Det er nabolanda Canada og Mexico som har klart størst eksportverdi til USA. Desse eksporterte for 42 milliardar dollar til USA. EU eksporterte for 19 milliardar dollar. Importen til USA frå Kina, India og Indonesia var kring ti milliardar dollar. Medan importen frå Brasil og Chile utgjorde 6,5 milliardar dollar, og det same som eksporten til Australia og New Zealand.

3.2 Dei største varegruppene i handelen til USA

Dei største landbruksvarene i importen til USA

Kaffi og kaffiprodukt er det største importvara til USA. I 2014 importerte USA kaffivarer for 6,3 milliardar USD. Vin er nest størst (5,4 milliardar USD), deretter følgjer storfekjøtt med ein importverdi på 5,3 milliardar USD. Øl er femte største importvara.

Dei største landbruksvarene i eksporten til USA


USA er ein av verdas største eksportørar både innanfor planteproduksjonar, som soya, korn og mais, og innanfor husdyrproduksjonar som kjøt og meieri. Generelt er det planteproduksjonane som utgjer dei største eksportvarene til USA. Men det er også dette som er dei største handelsvarene internasjonalt. USA er òg ein av verdas største eksportørar frå husdyrproduksjonane som kjøt frå storfe, gris og kylling (tolvte størst eksportverdi).

Som vist tidlegare vert det meste av landbruksproduksjonen i verda omsett i landa sin eigen heimemarknad. Det gjeld også USA, men samstundes er USA eit av høvesvis få land som sender store volum ut i den globale marknaden. Både USA og EU er nettoeksportørar av landbruksvarer. Saman med nokre få andre store nettoeksportørar, som fyrst og fremst Brasil og Argentina, men også til ein viss grad Australia, er dei som har produksjonsoverskot som utgjer voluma som vert omsett globalt. Slik sett er det på eit overordna nivå svært få land som forsyner verdsmarknaden med store volum.

USA er verdas største produsent av soya, etterfølgt av Brasil og Argentina. Desse tre landa er totalt dominerande i produksjonsvolum globalt. Det globale produksjonen er årleg kring 300 millionar tonn soya (FAO Outlook, 2015). Av dette er det årlege produksjonsvolumet til USA og Brasil over 100 millionar tonn kvar, medan Argentina, som tredje største, produserer kring 60 millionar tonn. Fjerde største produsentland er Kina, med omlag 12 millionar tonn (IndexMundi). Ifølgje International Grains Council (2015) er estimatet for 2015/16 ein verdsproduksjon på 321 millionar tonn soya, og av det er det estimert at 129 millionar tonn av dette vert det handla med globalt.

Dette vert også spegla når ein ser på eksportverdien til dei største eksportlanda innanfor landbruksvarer (figur 3.5).

Figur 3.5 Verdas seks største eksportørar av landbruksvarer (MAP 2014-1.)



Ifølgje USAD utgjorde eksporten samla av planteprodukt 116,3 milliardar USD i 2014, medan den totale eksportverdien av animalske produkt er 33,7 milliardar USD.

Soyabønner er den desidert største eksportvara til USA målt i verdi. I 2014 eksporterte USA soyabønner for 24,2 milliardar USD. Mais er den nest største eksportvara med 10,6 milliardar, deretter kjem kveite med 7,7 milliardar (USAD).

I tillegg til at soyabønner er den største eksportvara, følgjer soyamjøl som den sjuande største i eksportporteføljen til USA. Det er Kina som er det store mottakarlandet av soyabønner frå USA, og eksporten til Kina utgjer kring 60 % av eksportverdien til USA på soyabønner (9858 millionar euro av 16 060 i 2013). Deretter følgjer Mexico og EU, med ein import på om lag 1,1 millionar euro kvar. Det vil seie at 75 prosent av eksportverdien til USA på soyabønner vert generert frå desse tre marknadane.


Noreg importerer ikkje soyabønner frå USA. Truleg er årsaka at tilnærma all soyaproduksjon i USA er basert på GMO, og Noreg nyttar ikkje GMO-soya, heller ikkje som dyrefôr, i motsetnad til EU som ikkje har forbod mot GMO i dyrefôr.

På plassane bak soyabønner finn vi mais og kveite, med ein eksportverdi på 10,6 og 7,7 milliardar USD i 2014. Fjerde største eksportverdi har fôrvarer av mais. Storfekjøtt følgjer deretter med 6 milliardar USD, medan ulike blomster, planter og grønt er sjette største varegruppe med 5,5 milliardar. Deretter kjem soyamjøl, svinekjøtt, mandlar og bomull på topp ti-lista av generert eksportverdi på landbruksvarer frå USA (USAD).

Tilsvarande er USA det enkeltlandet som er verdas største eksportør av kjøtt, der det samla produksjonsvolumet for kjøtt i USA er estimert til 42 millionar tonn i 2014, og av dette eksporterte USA kring 7,5 millionar tonn (FAO (2015) Food Outlook).


I inndelinga av største eksportvarer deler USAD meieri i fleire varegrupper som pulver og ost med meir, men dersom ein ser på meieriprodukt samla, er USA ein av dei største eksportørane i verda etter EU og New Zealand, med ein eksportverdi på 7,1 milliardar USD.

Figur 3.6 Utviklinga i eksportverdien av kjøt og meieriprodukt (basert på USAD)



Utviklinga siste ti år viser jamn og sterk vekst i eksportverdien til USA både på kjøt- og meieri, men eksporten av kylling har ein svakare vekst enn dei andre varegruppene.

Figur 3.7 Utviklinga i eksportverdien av korn og soyabønner (basert på USAD)




Ser ein på eksportverdien av korn i bulk, er biletet at ris, mais og kveite har ei flat utvikling med store årlege svingingar, medan eksportverdien av soyabønner har ein svært sterk vekst.

3.3 Største varegrupper og destinasjon i landbruksvarehandelen til USA


Ut frå ei grovinndeling av varegrupper, har EU sett opp eit overordna bilete av handelsstraumane til USA basert på varegruppe og opphavslend for importen til USA (figur 4.7). Tilsvarande oversyn for eksporten ut ifrå største varegruppe og største markadar er vist i figur 4.8.

Figur 3.8 Fem største importvarer til USA og opphavsland (European Commission, Agriculture and Rural Development).



I oppdelinga av produktgrupper EU nyttar, er grønsaker og frukt dei største importkategoriane for USA. Det er størst import frå Mexico både innanfor grønsaker og frukt og krydder. Innan varegruppene brennevin og likør er det aller meste av importen til USA frå EU. EU er svært dominerande eksportør til USA innan denne varegruppa. Kaffe og te vert i hovudsak importert frå Sør-Amerika, men her har også Vietnam ein stor eksport til USA. For produkt innanfor kategorien bakevarer er Canada og EU største eksportørar til USA.

Figur 3.9 Fem største eksportprodukt og fem største eksportmarknader for USA (European Commission, Agriculture and Rural Development).



I oppdelinga av produktgrupper EU nyttar på fem største eksportprodukt og kor dei vert avsett, kjem det både fram, som vist tidlegare, kor sentral Kina er for eksporten til USA, og kor viktige bulkprodukt frå planteproduksjonen er i eksportporteføljen til USA, og då først og fremst korn og oljefrø.

Ut frå produktkategoriseringa EU nyttar, er alle dei fem største produktkategoriane frå planteproduksjonar, der soyabønner, kveite, ulike kornslag (mais) og bomull som typiske bulkprodukt. I tillegg kjem tropisk frukt og krydder som tredje største produktgruppe.

4 Norsk samhandel med USA

Sjølv om USA, saman med EU, dominerer landbruksvarehandelen i verda, er samhandelen mellom Noreg og USA på landbruksvarer høvesvis avgrensa. Samhandelen er også langt meir balansert på landbruksvarer mellom Noreg og USA, enn den er med den andre dominerande aktøren, EU, i verdshandelen. Medan Noreg importerte landbruksvarer frå EU for knappe 37 milliardar kroner i 2015, og eksporterte til EU for seks milliardar, er forholdstalet langt mindre for den norske landbruksvarehandelen med USA med ein import til Noreg på knappe to milliardar kroner, og ein norsk eksport til USA på dryge éin milliard kroner (tabell 4.2 og 4.3).

USA er verdas største økonomi og er som land eit av verdas rikaste saman med Noreg.

Tabell 4.1 Utvalde nøkkeltal USA og Noreg (CIA, *The World Factbook*)


Nøkkeltall	USA	Noreg
Folketal	318 892 103	5 147 792
Bruttonasjonalprodukt (PPP) ⁶ i millionar \$	16 720 000	282 200
Bruttonasjonalprodukt etter valutakurs ⁷ i millionar \$	16 720 000	515 800
BNP/CAPITA (PPP)	\$ 52 800	55 400
Landbruk av BNP i %	1, 1	2, 2
Areal km ²	9 826 675	323 802
Dyrkbart areal i %	16,3	2,5
Arbeidsstyrke	155 400 000	2 707 000
Sysselsette i landbruket i %	0, 7	1,2

Norsk handel med landbruksvarer er prega av eit stort handelsunderskot, med ein langt høgare importverdi enn eksportverdi. Samla importerte Noreg landbruksvarer for 59,1 milliardar i 2015, medan eksporten utgjorde 9,2 milliardar (figur 4.1).

⁶ BNP etter Purchasing power parity, som er kjøpekraftsparitet, går ut på at ein får kjøpt den same mengda varer i utlandet som ein ville gjort i eige land etter at det er teke omsyn til valutakursane.

⁷ Dette er det nominelle BNP.


Figur 4.1 Norsk handel med landbruksvarer med verda 2005–2015



Samhandelen med USA utgjorde ein høvesvis liten del av den norske importen, med 1,9 milliardar kroner som er om lag tre prosent av den totale landbruksvareimporten.

For norsk eksportert av landbruksvarer er USA ein høvesvis viktig marknad. I 2015 eksporterte Noreg landbruksvarer for 1,1 milliardar kroner til USA. Det utgjorde om lag 12 prosent av den samla norske landbruksvareeksporten på ni milliardar.

Figur 4.2 Norsk samhandel med USA på landbruksvarer 2005-2015



Utviklinga i samhandelen med USA er prega av rimeleg jamn vekst dei siste ti åra. Likevel er det ein markant auke i den norske importen frå 2014 til 2015 (figur 5.2). I 2014 var den norske importen frå USA på 1,4 milliardar, medan den var knappe to milliardar i 2015. Det er særskilt innanfor varegruppene frukt og bær (HS, kapittel 8) og animalske og vegetabilske oljer (HS, kapittel 15) det er vekst i importverdien frå 2014 til 2015.

I 2014 var importverdien på frukt og bær frå USA på 351 millionar kroner, medan den i 2015 var 583 millionar kroner. Tilsvarande auka den frå 274 til 465 millionar kroner for animalske og vegetabilske oljer siste året (Landbruksdirektoratet/SSB Utanrikshandelen).

4.1 Norsk import av landbruksvarer frå USA

Frukt og bær og animalske og vegetabiliske oljer er også dei varegruppene som har størst importverdi i den norske handelen med USA (tabell 4.1).

Tabell 4.2 Norsk import av landbruksvarer frå USA i kroner

Tolltariffens kapittel 1-24 + 35 (unntatt kap. 3)	2011	2013	2015
Import frå USA			
Levande dyr	6 867 295	7 026 943	7 057 244
Kjøtt	100 640	550 628	26 231
Mjølkk, meieriprodukt, egg og honning	635 237	222 615	93 443
Animalske produkt elles	424 194	4 143 805	4 259 689
Levande planter	2 266 188	2 969 319	2 916 148
Poteter og grønnsaker	24 176 487	23 661 456	25 308 909
Frukt og bær	245 992 936	302 799 986	582 823 633
Kaffi og te	4 600 407	4 376 552	4 731 366
Korn	36 507 574	12 676 462	18 843 741
Mjøl	3 530 557	2 681 644	3 748 858
Oljehaldige frø og frukter	40 394 180	60 444 019	66 912 500
Skjellakk, gummo osb.	5 387 233	3 152 344	2 452 468
Vegetabiliske flettemateriale	2 283 024	3 227 172	3 467 647
Animalske og vegetabiliske oljer	152 012 796	229 597 328	465 158 356
Kjøttprodukt	1 461 195	3 073 546	5 824 835
Sukker og sukkervarer	8 789 677	14 002 767	19 914 781
Kakao og sjokolade	7 470 890	7 316 660	19 776 906
Bakevarer	23 243 525	23 118 395	36 468 327
Frukt, grønnsaksprodukt og liknande	223 829 907	244 278 374	259 366 850
Ulike bearbeidde næringsmiddel	129 947 258	163 260 931	166 662 369
Drikkevarer	94 184 960	221 455 192	188 345 549
Bearbeidd dyrefôr	15 645 747	8 771 336	64 004 019
Tobakk	10 971 685	10 989 281	10 389 252
Protein, modifisert stivelse osb.	4 594 651	4 719 217	3 414 795
Totalt⁸	1 045 318 243	1 358 515 972	1 961 967 916

⁸ I tillegg er det ein import på omlag 200 000 kroner (2015) fordelt på dei enkelte varelinene innanfor kapittel 41, 43, 50, 51 52 og 53 som er omfatta av definisjonen av landbruksvarer i WTO.

4.2 Norsk eksport av landbruksvarer til USA

Størst eksportverdi for Noreg til USA er innanfor meieriprodukt, og det er ost som vert eksportert. Noreg eksporterte meierivarer for 351 millionar til USA i 2015, og av dette utgjorde osteksporten 350 millionar (tabell 5.2).

Det er tilverka næringsmiddel i tolltariffens kapittel 20, som følgjer etter meierivarer som nest største eksportvaregruppe for Noreg til USA. Deretter kjem animalske og vegetabilske oljer og drikkevarer har fjerde høgst eksportverdi.

Tabell 4.3 Norsk eksport av landbruksvarer til USA i kroner

Tolltariffens kapittel 1-24 + 35 (unntatt kap. 3)	2011	2013	2015
Eksport til USA			
Levande dyr	537 260	397 546	670 790
Kjøtt	693 640		152 207
Mjølkk, meieriprodukt, egg og honning	232 570 873	243 665 474	351 069 107
Animalske produkt elles	3 805 447	7 595 507	8 112 679
Levande planter	694 450	390 434	606 821
Poteter og grønsaker	11 462	3 932	
Frukt og bær	1 169 903		4 062 332
Kaffi og te	698 569	43 660	27 924
Korn	1 374		
Mjøl	1 159 582	19 838 923	15 402 542
Oljehaldige frø og frukt	2 617 185	1 941 473	5 141 749
Skjellakk, gummo osv	0	0	42 045
Vegetabilske flettemateriale	0	0	0
Animalske og vegetabilske oljer	204 389 300	170 807 724	192 776 564
Kjøttprodukt	384 428	588 821	949 081
Sukker og sukkervarer	242 989	260 920	176 890
Kakao og sjokolade	2 040 268	1 537 489	442 173
Bakevarer	10 043 078	5 951 158	5 068 473
Frukt, grønsaksprodukt og liknande	213 436	114 412	361 219
Ulike bearbeidd næringsmiddel	67 534 939	374 069 317	253 385 816
Drikkevarer	160 420 682	112 081 881	162 958 839
Bearbeidd dyrefôr	7 943 640	2 799 192	42 001 728
Tobakk	173 145	9 240	0
Protein, modifisert stivelse osv.	5 077 978	7 581 330	76 005 286
Totalt ⁹	702 423 628	949 678 433	1 119 414 265

Dersom ein ser på samhandelene på landbruksvarer total mellom Noreg og USA, så er importverdien til Noreg frå USA nær dobla frå 2011 til 2015, medan den norske eksporten har

⁹ I tillegg er det ein eksport på om lag 60 000 kroner (2015) fordelt på dei enkelte varelina innnanfor kapittel 41, 43, 50, 51 52 og 53 som er omfatta av definisjonen av landbruksvarer i WTO.

auka med 37 prosent i perioden. Det gjer at det er ei utvikling med veksande norsk handelsunderskot i samhandelen. Handelsunderskotet på landbruksvarer auka frå 343 millionar kroner i 2011 til 843 millionar i 2015.

Samstundes som handelsunderskotet generelt aukar, er det verdt å merke seg at på det største eksportproduktet, ost, har volumet gått ned, medan verdien har auka dei siste ti åra. I 2005 eksporterte Noreg 7 182 tonn ost til USA, for ein verdi av 233 millionar kroner. I 2010 var eksportvolumet 7 129 tonn til ein verdi av 254 millionar, medan i 2015 var volumet redusert med kring 1000 tonn, til 6 182, medan verdien av osteeksporten var auka til 351 millionar kroner (Landbruksdirektoratet/SSB Utanrikshandelen).

Litteratur

- European Commission (2014). *Agricultural trade in 2013: EU gains in commodity exports*, MAP 2014-1. Directorate-General for Agriculture and Rural Development.
- European Commission (2013). *Agricultural Trade in 2012: A good story to tell in a difficult year*, MAP 2013-1. Directorate-General for Agriculture and Rural Development.
- European Commission (2012). *Agricultural Trade in 2011: the EU and the world*, MAP May 2012. Directorate-General for Agriculture and Rural Development.
- European Commission (2011). *Global and EU agricultural exports rebound*, MAP No. 01-11 May 2011. Directorate-General for Agriculture and Rural Development.
- FAO (2015). *Food Outlook*, October 2015 FAO, Roma.
- International Grains Council (2016). *Grain Market Report 2016*. Henta frå 29/2-2016: <http://www.igc.int/downloads/gmrsummary/gmrsumme.pdf>
- Hillestad, M.E. (2015). *Den synlige hånd – USAs landbrukspolitikk*, Rapport No. 1-2016). Oslo: AgriAnalyse.
- Landbruksdirektoratet (2016). *Omverdenrapport 2015*, Rapport nr. 2/2016, Landbruksdirektoratet, Oslo.
- Landbruksdirektoratet (2016). *Markedsrapport 2015*, Rapport nr. 3/2016, Landbruksdirektoratet, Oslo.
- Nærings- og fiskeridepartementet (2016): *Bestevilkårsprinsippet*. Henta frå 7/2-2016: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nfd/tema/frihandelsavtaler/ordbok-og-faq.html?id=438871>
- Muhammad, A., Heerman, K., Melton, A. og Dyck, J. (2016). *Tariff Reforms and the Competitiveness of U.S. Beef in*, USAID, LDPM-259-01
- United States Department of Agriculture (USDA) (2016). Henta frå 4/1 - 29/2-2016: <http://www.ers.usda.gov/topics/international-markets-trade/us-agricultural-trade.aspx>
[http://www.ers.usda.gov/data-products/foreign-agricultural-trade-of-the-united-states-\(fatus\).aspx](http://www.ers.usda.gov/data-products/foreign-agricultural-trade-of-the-united-states-(fatus).aspx)
[http://www.ers.usda.gov/data-products/foreign-agricultural-trade-of-the-united-states-\(fatus\)/latest-us-agricultural-trade-data.aspx](http://www.ers.usda.gov/data-products/foreign-agricultural-trade-of-the-united-states-(fatus)/latest-us-agricultural-trade-data.aspx)
<http://www.ers.usda.gov/topics/international-markets-trade/us-agricultural-trade/exports.aspx>
<http://www.ers.usda.gov/topics/international-markets-trade/us-agricultural-trade/imports.aspx>
<http://www.ers.usda.gov/topics/international-markets-trade/us-agricultural-trade/data.aspx>
<http://www.ers.usda.gov/amber-waves/2016-januaryfebruary/japanese-beef-imports-by-exporting-source-and-the-impacts-of-tariff-reforms.aspx#.Vulkwmf2ZaQ>
http://www.ers.usda.gov/media/140754/ldpm19401_1.pdf

[http://www.ers.usda.gov/data-products/foreign-agricultural-trade-of-the-united-states-\(fatus\).aspx](http://www.ers.usda.gov/data-products/foreign-agricultural-trade-of-the-united-states-(fatus).aspx)

[http://www.ers.usda.gov/data-products/foreign-agricultural-trade-of-the-united-states-\(fatus\)/latest-us-agricultural-trade-data.aspx](http://www.ers.usda.gov/data-products/foreign-agricultural-trade-of-the-united-states-(fatus)/latest-us-agricultural-trade-data.aspx)

Office of the United States Trade Representative (USTR) (2016). Henta frå 4/1 - 17/3-2016:

<https://ustr.gov/trade-agreements/free-trade-agreements/trans-pacific-partnership/tpp-fact-sheets>

<https://ustr.gov/sites/default/files/TPP-Benefits-for-US-Agriculture-Fact-Sheet.pdf>

<https://ustr.gov/sites/default/files/TPP-Overall-US-Benefits-Fact-Sheet.pdf>

<https://ustr.gov/sites/default/files/TPP-Strategic-Importance-of-TPP-Fact-Sheet.pdf>

<https://ustr.gov/sites/default/files/TPP-Economic-Benefits-Fact-Sheet.pdf>

<https://ustr.gov/sites/default/files/TPP-Detailed-Benefits-for-US-Agriculture-by-State.pdf>

<https://ustr.gov/sites/default/files/TPP-Detailed-Benefits-for-US-Agriculture-by-Sector.pdf>

Tolltariff (2015): *Tolltariff – med statistisk varefortegnelse – gjeldende fra 1. januar 2016*, Oslo: Cappelen Damm.

Tufte, T. (2015). *TTIP-forhandlingane i lys av samhandelen mellom EU og USA*, Rapport No. 2-2015. Oslo: AgriAnalyse.

